



Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Aleheim	GBR - 72/74, GBR - 73/16	16/1763

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/18	Hovudutval teknisk/næring	PS	05.03.2018

OFFENTLEG ETTERSYN - DETALJREGULERING FOR FV 47 - FAGERHEIM-EKRENE

Prenta vedlegg:

Vedlegg til saksframlegg for offentlig ettersyn av reguleringsplan for Fv
16-133716-53 Plankart samlet 5478412_1_1

Ny fv. 47 Sveiodelen

16-133716-54 A014576_Planbestemmelser_Sveio_20171212 5480345_1_1

A014576_RAP 001_Planbeskrivelse med KU_20171212

Ny fv. 47 på kommuneplankartet

Ny fv. 47 på ortofoto

16-133716-53 A014576_RAP 003_Luftkvalitet_20171212 5479939_1_1

16-133716-53 A014576_RAP 004_KU_Prissatte konsekvenser_20171212 5479945_1_1

16-133716-53 A014576_RAP 005_KU_Landskapsbilde_20171212 5479951_1_1

16-133716-53 A014576_RAP 006_KU_Nærmiljø og friluftsliv_20171212 5479956_1_1

16-133716-53 A014576_RAP 007_KU Naturmangfold_20171212 5479967_1_1

16-133716-53 A014576_RAP 008_KU Kulturmiljø_20171212 5479975_1_1

16-133716-53 A014576_RAP 008_KU Kulturmiljø_vedlegg 5479980_1_1

16-133716-53 A014576_RAP 009_KU Naturressurser_20171212 5479983_1_1

16-133716-53 A014576_RAP 010_Støy_20171212 5479987_1_1

16-133716-53 A014576_RAP 011_ROS_20171212 5479991_1_1

16-133716-53 A014576_RAP 012_Overvannshåndtering_20171212 5479992_1_1

16-133716-53 A014576_RAP 012_Overvannshåndtering_vedlegg 5479993_1_1

A014576_RAP 002_Konstruksjon_20171212

2008002 Ekrene næringspark

2013001 Ekrene aust bustad gnr. 72 bnr. 159

Saksopplysningar:

Rådmannen, dato 19.02.2018

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

- Plan- og bygningslova (pbl), særskilt kapittel 12 om reguleringsplanar
- Kommuneplanen for Sveio 2011-2023
- Reguleringsplan for Ekrene aust bustadområde
- Reguleringsplan for Ekrene næringspark

Saksorientering:

Hovudutval teknisk/næring godkjente i april 2008 planprogrammet for utarbeiding av



reguleringsplan for ny Rv 47 mellom Fagerheim og Ekrene. Etter den tid har vegen skifta frå å vera ein riksveg til fylkesveg (Fv 47).

I planprogrammet sto det;

«Føremålet med prosjektet er, gjennom utbedring/omlegging av fv. 47 Fagerheim-Ekrene å bidra til bedre framkommelighet og trafikkikkerhet på hovedruten mot nord fra Haugesund mot stamveg E39»

Oppstartsvarsel blei første gang sendt ut i desember 2005. Planarbeidet har teke lang tid og med det som grunngeving blei det varsla ny oppstart av planarbeid i september og november (grunna utvida planområde i Sveio) 2016. Det er Statens vegvesen som er tiltakshavar for prosjektet.

Føremålet med planarbeidet er å utbetra, leggja om og oppgradera vegstandarden på strekninga som er om lag 6,5 km. Det blir lagt opp til vegstandard H5, med toplanskryss på Saltveit og Ekrene. Det blir ein tofeltsveg med midtdelar og eit forbikjøringsfelt. Vegen kjem til å vera avkjøringsfri med unntak for dei to toplanskryssa. Målet med prosjektet er å bidra til betre framkomst og trafikktryggleik på hovudvegen frå Haugesund til stamveg E 39 i nord.

Økonomiske konsekvensar:

Strekninga Fv 47 Fagerheim – Ekrene er eit av prosjekta i Haugalandspakken. Utbygginga av vegstrekninga vil få omfattande økonomiske konsekvensar som skal løysast med midlar frå pakken. Utbygging i samsvar med planforslaget er vurdert å kosta om lag 700 mill. kr.

Vurdering i høve til ROS analyse:

Det er utarbeida ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) i samband med planarbeidet. Analysen har til føremål å identifisera risiko for moglege uønskte hendingar og koma med forslag til avbøtande tiltak. Risiko er kategorisert i grupper med låg, middels og høg risiko..

Vurdering i høve til konsekvensutgreiing – KU:

Konsekvensutgreiinga er gjennomført etter Statens vegvesen si handbok V712 «Konsekvensanalyser». Så vel prissette konsekvensar (trafikknytte og kostnader) som ikkje-prissette konsekvensar (naturmiljø, landskap, kulturmiljø mv.) er utgreia.

Uttale frå barnerepresentanten etter PBL:

Barnerepresentanten fekk tilsendt orientering om planforslaget 6. februar 2018, men har ikkje kome med merknader til planen innan fastsett tidsfrist.

Uttale frå folkehelsekoordinator:

Folkehelsekoordinatoren har sett på føresegner og plankart og meiner at tiltak i samsvar med planen vil vera til gagn for folkehelsa når anlegget står ferdig. Grunngeving for vurderinga er at det vil opna for mykje meir sykling og gåing på heile strekninga mellom søre delen av Sveio og Haugesund, og trafikkfarlege parsellar av Fv 47 vil bli eliminerte.

SAKSHANDSAMING

OPPSTARTSVARSEL

Det blei sendt ut ny varsel om oppstart 14.09.2016. I tillegg blei det sendt ut enno eit varsel til relevante partar i Sveio 29.11.2016 i samband med at planområdet ved Ekrene skulle utvidast. Varslingsbrev, innspela og oppsummering av innspela ligg i vedlegget *Detaljreguleringsplan for fv. 47 Fagerheim – Ekrene, Varsel om oppstart.*

PLANOMRÅDET

Planområdet går som ein korridor frå Fagerheim i nordre del av Haugesund (tettstad), nordover forbi krysset mellom Fv 47 og Fv 541 på Ekrene i Sveio.



PLANFORSLAGET

Utgangspunktet for planlegginga er at fylkesvegen i stort sett skal leggjast i ny trasé. Det er i planforslaget utgreia ulike alternative løysingar for den søre delen av strekninga, ved Halsane i Haugesund, i forhold til tunnel eller ikkje. Det har vore avgrensa med alternativ for plasseringa av vegstrekninga i Sveio. Grunngevinga for det er krava som stillast til vegstandarden, behov for avstandar i forhold til forbikøringsfelt, plassering av bru over fylkesgrensa og at det er naudsynt å kopla ny veg inn på eksisterande veg nordover.

Heile strekninga er planlagt avkøyringsfri med unntak for dei to kryssa ved Saltveit og Ekrene. Dette for å sikra god trafikkavvikling og trafikktryggleik. Eksisterande fylkesveg vil fungera som tilkomstveg frå eksisterande utbygde område til dei nye tilkoplingspunkta.

Alternative løysingar for eit toplanskryss på Ekrene har vore drøfta men dei har ikkje vore optimale. Rundkøyring er i følgje Statens vegvesen ikkje aktuelt då slike krev lågare fartsgrense, noko som ikkje er ønskjeleg på fylkeskommunale stamvegar. Eit anna alternativ ville vera å la dei eksisterande to T-kryssa (til Ekrene næringspark og til Fv 541) vera som i dag. Med ei venta trafikkmengde (ÅDT) på over 8 000 køyretøy som i utgangspunktet krev planskilte kryss meiner kommunen det vil vera uheldig å halda på eksisterande kryss dersom fokus ska vera å sikra god og trygg trafikkavvikling i framtida. I toplanskrysset skal det sikrast tilkopling til Fv 541 og ny Rophusveg som skal gå igjennom reguleringsplanområdet Ekrene Vest, (for venta ÅDT på vegstrekninga jf *Planbeskrivelsen* s. 43).

TEKNISKE ANLEGG

Overvatn

Løysingar for overvasshandtering og behovet for oppsamling og reinsing av vegvatn er basert på ein sårbarheitsvurdering. Føreslege løysing er at vegvatnet handterast i filtergrøfter/infiltrasjonsgrøfter i heile planområdet. For kryssområdet på Ekrene er det anbefalt ei lukka oppsamlings- og reinsingsløysing av plassmessige grunnar.

Gang- og sykkelvegar

Mjuka trafikantar skal styrast inn på lokalvegnettet dersom det ikkje allereie er gang- og sykkelveg langs vegen. Eksisterande fylkesveg blir då del av lokalvegnettet som blir betydeleg mindre trafikkert enn i dag, (jf *Planbeskrivelsen* s. 40-41). I Sveio går det allereie gang- og sykkelveg frå avkøyringa til Rophus og fram til fylkesgrensa, men etter ei kort strekning sluttar den på haugesundsida. Med bakgrunn i dei forventa låge trafikktala på desse strekningar så viser Vegvesenet sine handbøker at det ikkje vil vera behov for avgrensa gang- og sykkelveg der.

Frå Rophuskrysset og «gamle» Rophusvegen blir det opparbeida ny gang- og sykkelveg og ny tilkomstveg som skal gå langs med ny fylkesveg og koplast saman toplanskrysset.

Mjuka trafikantar som i dag må gå over den tungt trafikerte fylkesvegen ved innkøyringa til Rophus vil kunna bruka den nye gang- og sykkelvegen langs den eksisterande vegen og kryssa denne som blir betydeleg meir trafikksikker fordi det berre vil vera lokal biltrafikk til Rophusområdet og sørover som vil bruka vegen. Når i tillegg ny Rophusveg er opparbeida vil det meste av trafikken frå Rophus førast ut i toplanskrysset/ Fv. 541.

Omklassifisering av vegnett

Dei planlagde tiltaka kan gje endringar i forhold til status for delar av det eksisterande og tilgrensande vegnettet i planområdet. For Sveio sin del er det lagt opp til følgjande løysingar;

Veg	Strekning	Funksjon
Fv 1 Halseidvegen		Ingen endringar



Fv 47 Tittelsnesvegen	Mellom fylkes- og kommunegrensa og det nye krysset på Ekrene	Vegen blir lagt om mellom krysset med Rophusvegen og inn mot det nye toplanskrysset. Vegene er føreselege vidareført som fylkesveg
Rophusvegen	Krysset ved eksisterande Fv 47	Mindre tiltak i krysset med eksisterande Fv 47. Vegene blir føreselege vidareført som kommunal veg
Fv 541 - Gullvegen	Mellom Sårevatnet og det nye krysset på Ekrene	Dagens kryss mot eksisterande Fv 47 vert sanert, og vegene blir lagt om og koplast til det nye krysset på Ekrene. Vegene blir føreselege vidareført som fylkesveg
Vegane til Ekrene næringspark og Gjeringsstjørn		Vegane blir lagt om og koplast til det nye krysset på Ekrene. Vegane blir føreselege som kommunal veg

KOMMUNEPLANEN

I plankartet til kommuneplanen for Sveio 2011-2023 ligg den nye vegene allereie markert med raud strek. Reguleringsplanarbeidet er såleis i samsvar med kommuneplanen. Planane om at det skulle byggjast eit toplanskryss var ved utarbeidinga av kommuneplanen kjent for kommunen og det blei lagt opp til at planlagt ny Rophusveg skulle koplast på dette krysset. Med framtidig toplanskryss og ny Rophusveg blei det liggjande eit større urørt areal mellom eksisterande bustadfelt på Rophus og Fv 47. Dette arealet ville no få vegutløyning via ny Rophusveg og god tilkomst rett ut på fylkesvegen via toplanskrysset. Med dette som bakgrunn blei det lagt inn eit nytt byggjeområde for bustader på Ekrene Vest i kommuneplanen.

Arealane som ligg rundt området der ny fylkesveg skal gå er vist i kommuneplanen som LNF-område eller er regulerte.

EKSISTERANDE REGULERINGSPLANAR

Det er to eksisterande reguleringsplanar som vert påverka av planane for ny fylkesveg. Det er *Reguleringsplan for Ekrene Aust* (bustadfelt) og *Reguleringsplan for Ekrene næringspark*. Den nye planen vil gå inn i desse planane og overstyra det som ligg i dei eldre planane med nye føremål og nye føresegner. Det er ikkje vist same arealføremål som i gjeldande planar. Føremålet i ny plan er «*Kombinert bebyggelse og anleggformål*». Dette er eit overordna føremål for kombinert utbygging men det spesifiserer ikkje kva arealføremål ein faktisk kan få byggja ut. I tillegg er der lagt inn ein større byggjegrænse enn i gjeldande planar. Gjeldande planar er meir spesifikke på kva føremål ein kan opna for og har bygningar og tomter nærare fylkesvegen enn det ny plan kjem til å opna for. Dersom ny plan legg restriksjonar eller føringar som er vanskelege å kombinera med resten av dei eldre planane kan framtidig utbygging på eksisterande tomter i næringsområdet i realiteten vera vanskeleg å gjennomføra.

Det same gjeld for arealføremåla viste i reguleringsplanen for bustadfeltet. Når det gjeld byggjegrænse til vegmidt i fylkesvegen er denne utvida frå om lag 30 m. til 50 m. Det gjer at eksisterande bygningar langs fylkesvegen ligg inne i området for ny byggjegrænse og fleire



næringstomter vert særst avgrensa.

PÅGÅANDE PLANARBEID

I samband med planarbeid for utbygging av ny Rophusveg vert det utarbeida ein områderegulering for Ekrene Vest som grensar og delvis overlappar reguleringsplanen for fylkesvegen. I denne planen er det tenkt ny Rophusveg saman med bustadforemål. Foremålet med planarbeidet for Ekrene Vest er at ny veg vil utløyse areal for bustader. Planarbeidet er synkronisert med reguleringsplanen for Fv. 47 Fagerheim – Ekrene slik at toplanskrysset og tiltak i områdereguleringa passar saman. Dersom ny Rophusveg vert bygd før fylkesvegen skal Rophusvegen i første hand koplast til Fv. 541 for seinare når toplanskrysset er ferdig ha moglegheit til å kopla direkte på der.

I dette planarbeidet er det ønskeleg at framtidige tilkomstvegar til nytt bustadfelt vert lagt inn i området for toplanskrysset for å sikra at framtidige tilkomstvegar er utgreia plassert korrekt. Dette visast ikkje på noverande tidspunkt.

ROS-ANALYSEN

ROS-analysen har hatt til føremål å identifisera risiko for moglege uønskte hendingar og koma med forslag til avbøtande tiltak. Forhold som inneber høg risiko er knytt til skred, vind, fall frå konstruksjon, farleg gods på veg og forureining. Forhold som inneber middels risiko er knytt til flaum, brann, overvatn, nedbør, vilt (påkøyring), påverknad av grunnvatn, friluftsliv, vegetasjon og automatisk freda kulturminne.

Det er føreslege avbøtande tiltak for forhold med middels og høg risiko, som sikring av flaumvegar, tilkomst for redningsbilar, vilttiltak, varsling av sterk vind på bruk og vern mot fall frå bru. Mellom anna er følgjande avbøtande tiltak nemnte:

- * Tiltaket må sikrast tilstrekkeleg drenering og flaumvegar for overvatn.
- * Tiltaket må sikrast moglegheit for godt vedlikehald for å unngå flaum og overvatn ved store nedbørsmengder.
- * For utrykkingskøyretøy må det sikrast moglegheit for å koma gjennom midtdelar i veggen.
- * Høge skjeringar må sikrast og veganlegget må sikrast god fundamentering rundt vassdrag grunna fare for utvasking.
- * Det kan vera aktuelt med varsling, og ev. stenging, i driftsfasen over brua ved Søre Våge grunna vindforholda.

KULTURMILJØ

På strekninga Halsane-Ekrene viser konsekvensutgreiinga at det er middels til stor negativ konsekvens for kulturmiljøet. På Søre Våge på Haugesund si side ligg restane av eit militæranlegg frå andre verdskrig. Nokre delar av anlegget vert direkte påverka, men dei som ikkje vert påverka direkte bør sikrast i anleggsfasen for å unngå skader på resten av anlegget.

På Sveio si side er det beitelandskap på Våge som er vurdert negativt påverka av at ny Fv. 47 vil koma tvers gjennom kulturmiljøet. Veggen vert ein barriere mellom gardstunet og den austlege delen av beitelandskapet og utmarka, slik at den historiske samanhengen mellom beitelandskapet og gardstunet vert svekka. Vurdert konsekvens ligg på «liten til middels negativ».

I planomtalen til reguleringsplanen er det under kapittelet om Kulturmiljø (7.2.5) vist at



temarapportar for kulturmiljø vert oppdatert etter synfaringar i planområdet. På førespurnad til Statens vegvesen om dette vert det vist til at desse skal vera klare til utlegging saman med offentleg ettersyn. Dei er såleis ikkje oppdaterte ved handsaming av denne saka, men konklusjonane er likevel oppsummerte i rapport om kulturmiljø og i planomtalen.

LANDSKAP OG LANDSKAPSTILPASSING

Konsekvensutgreiinga viser at KU for landskapsbilete har «middels til stor negativ» konsekvens. Som avbøtande tiltak er det føreslege å ivareta viktige landskapselement, tilpassa veganlegget best mogleg til eksisterande terreng og sørgja for rask tilbakeføring av vegetasjon.

Veggeometrien er i noko grad tilpassa landskapet, men tilpassinga er særst avgrensa av krava til valt standardklasse for vegen. Det er eit generelt krav i føresegnene om estetisk forming av fyllingar og planting. Når det gjeld tilpassing til terrenget føreset planen at det skal utarbeidast meir detaljerte planar for dette.

NÆRMILJØ OG FRILUFTSLIV

Konsekvensutgreiinga viser at konsekvensane for nærmiljø og friluftsliv er «liten negativ», men at tilgjenge for friluftsliv og trafikktryggleiken for mjuke trafikantar kan verta noko redusert i anleggsperioden. Føreslegne avbøtande tiltak for anleggsperioden er å mellom anna leggja til rette for mjuke trafikantar.

NATURMANGFALD

Planforslaget vil ha innverknad på fleire artførekomstar, vassførekomstar og økologiske funksjonsområde, samt naturtypelokalitetar langs heile strekninga. Konsekvensutgreiinga viser at påverknaden spenner frå «middels til stor negativ» konsekvens. Arealbeslag i kystlynghei på Ekrene og i to myrførekomstar av middels verdi er dei inngrepa på strekninga mellom Halsane og Ekrene som er vurdert som mest negative. Avbøtande tiltak vil vera å avgrensa inngrepa til eit minimum og gjera tiltak for å unngå å spreia svartelista artar i anleggsperioden.

Planomtalen viser til at det er anbefalt med oppfølgjande undersøkingar og kartlegging av svartelista karplanter for å sikra korrekt handtering av desse i anleggsperioden for å unngå spreining.

NATURRESSUSAR

Det er relativt mykje fulldyrka areal langs eksisterande fylkesveg mellom Våge og Ekrene. Ny veg vil medføra at både dyrka mark, innmarksbeite og skogareal går med og at eigedomar delast opp. Det er lagt til rette for nokre nye tilkomstveggar, husdyrundergangar og landbruksundergang på heile strekninga. Det er vurdert at den samla konsekvensen for strekninga Halsane-Ekrene vil vera middels negativ. Avbøtande tiltak er å samarbeida med den enkelte grunneigar om anleggsaktiviteten og konsekvensar for drift av jord og skog for å finna gode løysingar i anleggsperioden.

Det er anbefalt i planomtalen at det vert gjennomført oppfølgjande undersøkingar for å sikra at ikkje jordmassar som kan innehalda planteskadande midlar vert køyrt bort eller flytta utan at status for desse midlar er avklarte.

FORHOLDET TIL KLIMA OG MILJØ

Betring av gang- og sykkeltilbodet på strekninga mellom Fagerheim og Ekrene vil vera gunstig med tanke på lokal sykkeltrafikk og transportsyklistar. Ved toplanskrysset på Ekrene er det planlagt innfartsparkering som gjev eit betre grunnlag for auka bruk av kollektivtransport, som kan redusera bilbruken.



BARN OG UNGE SINE INTERESSER I PLANLEGGINGA

Planomtalen viser til at det er gang- og sykkeltilbodet som hovudsakleg vil påverka barn og unge sine interesser i dette planarbeidet. Det gjeld tilkomst til og frå skule og barnehage, fritidsaktivitetar og kollektivhaldeplassane.

UNIVERSELL UTFORMING

Løysingane for gåande og syklende skal utformast i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker slik at stigningsforhold på nye gang- og sykkelveggar skal vera innanfor krava med tanke på universell utforming.

UTTALAR/MERKNADER TIL OPPSTARTSVARSEL

Varslingsbrev, innspel til oppstartsvarsel og oppsummering av innspela ligg i vedlegget *Detaljreguleringsplan for fv. 47 Fagerheim – Ekrene, Varsel om oppstart.*

Vurdering:

Sveio kommune har ei omfattande arbeidspendling til Haugesund og ny fylkesveg mellom Haugesund og Ekrene vil gjera arbeidsreisene tidsmessig kortare og meir trafikktrygge. Samtidig vil avstanden til handels- og servicetilbodet i Haugesund sentrum oppfattast som kortare, noko som kan auka den allereie store handelslekkasjen frå Sveio.

Med ny fylkesveg vert framkomsten for mjuke trafikantar betre, noko som vil fremja god folkehelse, og gje tryggjare skuleveggar og veggar til ulike aktivitetar.

Den dagen toplanskrysset står ferdig utbygd kjem eksisterande kryss ved Gullvegen, Fv. 541 til å stengast. Det same gjeld sjølvstekt eksisterande kryss inn til Ekrene næringspark og bustadområdet på Ekrene.

Det planforslag som no ligg føre er sendt til både Sveio kommune og Haugesund kommune. Begge kommunar skal handsama forslaget og leggja ut planforslaget til offentleg ettersyn/høyring i kvar kommune. Planomtale og diverse utgreiingar er alle felles for dei to kommunane og det er berre plankarta og føresegnene som gjeld særskilt for kvar kommune. Etter høyringa er det lagt opp til at fellesdokumenta og eigne plankart med føresegner skal vedtakast i kvar sitt kommunestyre/bystyre.

Rådmannen meiner at planforslaget i det store og heile er eit godt reiskap for framtidig utbygging av vegstrekninga mellom Haugesund og Sveio. Sjølve vegstrekninga er fastsett og kan vanskeleg endrast grunna terreng, tilkopling til eksisterande veg ved Ekrene og behovet for bruløysing over fylkesgrensa. Men sjølv om rådmannen støttar føreslege vegløysinga så er det nokre spørsmål og kommentarar til planforslaget som administrasjonen har stilt til Statens vegvesen som ikkje har betydning for plasseringa av ny veg, men som vi enno ikkje har fått avklaring på (sjå vedlegg til saksframlegget). Desse burde vore avklara før saka blir lagt fram for HTN, men med bakgrunn i at neste møte i HTN er i mai og rådmannen ønskjer halda framdrift i saka slik at Sveio ikkje er med på å forsinka planprosessen ytterlegare blir planforslaget no lagt fram for politisk vurdering.

Desse spørsmåla er av slik art at sjølv om dei ikkje er avklara i HTN så meiner rådmannen at det er mogleg å ta stilling til om planforslaget skal leggjast ut til offentleg ettersyn allereie no. Som følgje av dei svar kommunen får på spørsmåla og kommentarane som er sendt til Statens vegvesen vil det vera tid for mindre endringar og justeringar av planforslaget fram til Haugesund kommune har handsama sin del og saka kan bli lagt ut til offentleg ettersyn.

Det er eit ønskje frå rådmannen om at planforslaget skal leggjast ut på høyring samtidig som Haugesund kommune gjer det. Det er ein samanhengande vegstrekning som skal godkjennast men kvar kommune må godkjenna sin del. Å ikkje leggja heile planen ut på



høyring samtidig kan medføra forvirring hjå dei som eventuelt har merknader til planen då dei berre må ta stilling til ein del av planen om gangen.

Eit vedtak frå HTN om å leggja saka ut til offentleg ettersyn føreset at rådmannen får mandat til å avklara desse forholda og gjera naudsynte justeringar før planforslaget endeleg blir lagt ut til høyring.

Konklusjon:

Ny Fv. 47 frå Fagerheim til Ekrene vil ha stor samfunnsnytte for så vel sveibuen som for pendlarane og besøkjande til og frå Sveio, og for gjennomkøyring til E 39 til og frå Haugesund og Karmøy. Planforslaget vil vera eit godt grunnlag for utbygginga av ny veg.

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. I medhald av § 12-10 i plan- og bygningslova blir forslag til detaljregulering for Fv. 47 mellom Fagerheim i Haugesund kommune og Ekrene i Sveio kommune lagt ut til offentleg ettersyn.
2. Rådmannen får mandat til å gjera mindre endringar og justeringar i samarbeid med Statens vegvesen før planen blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Hovudutval teknisk/næring - 010/18

HTN - behandling:

Samrøystes som framlagt av rådmannen.

HTN - vedtak:

1. I medhald av § 12-10 i plan- og bygningslova blir forslag til detaljregulering for Fv. 47 mellom Fagerheim i Haugesund kommune og Ekrene i Sveio kommune lagt ut til offentleg ettersyn.
2. Rådmannen får mandat til å gjera mindre endringar og justeringar i samarbeid med Statens vegvesen før planen blir lagt ut til offentleg ettersyn.